


SMARTARE
SNILLARE
GRØNARE

miljøpartiet
dei grøne

BILLEG MAT HAR EIN HØG PRIS

Intensivt jordbruk basert på monokulturar og importerte råvarer tærer på både jorda, dyr og menneske. Noreg har gode føresetnader for å drive eit berekraftig jordbruk basert på lokale, fornybare ressursar. Vi har store utmarksressursar, god dyrehelse og driv eit mindre intensivt jordbruk enn mange andre land. Å ivareta eit spredt landbruk er òg viktig for mattryggleika og gjer oss meir robuste i møte med klimaendringar.

Dei Grøne vil føre ein jordbrukspolitik som fremjar norsk produksjon av frukt, grønnsaker og korn og som gjev oss kjøt, egg og mjølk basert på norsk fôr og norske beiteressursar.



Vi vil gjere det enklare å ta i bruk miljøvenlege dyrkingsmetodar og ha god dyrevelferd. Ved å setje sunnheit og kvalitet framfor billeg mat kan fortrinnet i norsk jordbruk utnyttast endå betre og fremje helse og auka livskvalitet.





Une Bastholm

Nasjonal talsperson og stortingsrepresentant

Tori

Sida trønderfe

LANDBRUK PÅ LAG MED JORDA

*Mat- og landbrukspolitikken vår vil gje god dyrevelferd, trygg og miljøvenleg mat frå lokale ressursar og gje bøndene løn til å leve av. **Vi vil:***

- 1 Auke den berekraftige matproduksjonen** ved å bruke den mest fruktbare jorda til korn, frukt og grønt, auke støtta til beiting og prioritere små og mellomstore bruk høgare.
- 2 Sikre betre inntekter til bøndene** med auka støtte, og meir realistisk pris på produkta gjennom eit sterkt tollvern.
- 3 Auke produksjon og forbruk** av økologisk mat.
- 4 Oppretthalde velferdsordningane** i landbruket, som tilskot til avløyser.
- 5 Premiere miljøvenleg produksjon**, god dyrevelferd og bruk av lokale ressursar gjennom tilskotssystemet.
- 6 Finansierte førebyggjande tiltak** mot tap av dyr på beite, og gje rimeleg kompensasjon til bønder som ikkje kan nytte seg av beiterettar på grunn av rovdyrbestandar i området.
- 7 Gjere landbruket fossilfritt innan 2030**, ved å sikre gunstig pris på biodrivstoff, støtte innkjøp av nullutslippstraktorar og avvikle fritaket for CO₂-avgift.

LEVANDE JORD

Å sikre at matjord vert brukt til å produsere mat er eit nasjonalt og samfunnskritisk ansvar. Vi vil:

- **Innføre statleg nullvisjon** for tap av matjord.
- **Sørge for at god matjord** berre skal byggast på etter nasjonal godkjenning med strenge kriterium
- **Gjere regionale planar** juridisk bindande for jordvern
- **Regulere forbruket** av nitrogengjødsel og sprøytemiddel strengare for å redusere forureining og jordforringing

GRØNE SKOGAR

I det grønne skiftet blir skogen viktigare. Vi vil:

- **Auke konkurransekrafta** for tre som byggemateriale og prioritere norsk tre i offentlege bygg
- **Vidareutvikle norsk treforedling** ved å stimulere til spesialisering og innovasjon
- **Skjerpe krava** og auke insentiva til berekraftig skogsdrift
- **Intensivere kartlegginga** av artar, vegetasjonstyper og økosystem i norske skogar, og verne 10% av produktiv skog innen 2027

GLADE DYR

Dyr har eigenverdi og rett til verdige liv. Vi vil:

- **Premiere god dyrevelferd** gjennom tilskotssystemet og øke minstekrava til dyrevelferd i landbruket
- **Stille krav om kortare dyretransportar** og leggje til rette for auka bruk av lokale gardsslakteri og mobile slakteri
- **Sikre kunnskap og utprøving** av førebyggjande tiltak mot rovdyrskadar og støtte grep som bidreg til at skadde dyr på beite vert oppdaga tidlegare
- **Avvikle burhald av dyr**, inkludert pelsdyr og høns

STERKE NÆRMILJØ

Vi vil skape lokalmiljø der folk kan leve, bu, handle, reise og jobbe grønare. Vi vil:

- **Sikre gode tenester** nært der folk bur
- **Gi meir støtte til grønne** nærområde med auka biomangfald og sosiale møteplassar
- **Rulle ut bygdemiljøpakker** for berekraftig transport i norske distrikt
- **Auke dei regionale utviklingsmidla**
- **Forenkle regelverk** og kontroll av lokal- og tradisjonsmat hjå småskalaprodusentar

BLI MED!

No treng vi støtta di til å lyfte den grønne rørsla vidare.

Ved å bli medlem får du høve til å påverke politikken vår og gje oss større gjennomslag.

Gå til mdg.no/medlem
og meld deg inn i dag!

